

Møtereferat

Delprosjekt: A9 - VAR

Møtestad: Formannskapssalen, Skodje rådhus

Dato: 19.1.2018

Tid: 08.30-12.30

Møteleiar: Kim A. Breivik

Deltakarar:	Kommune/repr.
Frode Helland	Skodje
Bjørn Skulstad	Ålesund
David Chris Mertsching	Ålesund (TV)
Kim A. Breivik	Sandøy
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog
Kjell Sindre Johansen	Haram

Saksliste:

- synfaring på kommunens anlegg, og arbeider med organisering og ROS-Analyse.

Referat og konklusjonar


Arbeidet med organisering må sjåast i samanheng med svaret koordinator sendte i epost 21.12.17:

Hei Kim Andrè!

De må avvente pkt. 3 om å utarbeide organisasjonsplan til de får nærare beskjed frå prosjektleiar.

Prosjektleiar med fleire må utarbeide ein heilheitleg og overordna organisasjonsstruktur for nye Ålesund kommune, dette kan ikkje fagområda sjølve gjere kvar for seg for sitt område.

Samtidig er det behov for innspel frå dykk som kjenner fagområda – her vil prosjektleiar utarbeide ein plan for når dette skal skje.



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Det er først behov for å få på plass dei overordna strukturane i org.kartet, før vi går vidare ned på «organisasjonsplan for tenesteområdet som beskriv organisering, lokalisering og rolle- og funksjonsbeskrivingar». Dette gjeld alle delprosjekt, ikkje berre VAR.

Vi burde ha presisert dette då vi skreiv mandatet dykkar.

Godt nytt år!

Venleg helsing

Anne Berit Støyva Emblem

- Ingen merknadar til referat frå sist møte.

-Delprosjektet treng avklaringar om innleie av konsulentar, ut frå oppsett prosjektplan:

<https://esunmore.sharepoint.com/sites/prosjektportalen/a-9-vatn-a/Lists/Oppgaver/AllItems.aspx>

Kim tek det opp med prosjektleiar/koordinator. Det må truleg gjennomførast ein forenkla konkurranse i samarbeid med innkjøpsavd. For bruk av eksterne konsulentar.


Vi har ut frå forskrifta om samanslåing av dei fem kommunane sin §3 truleg betre tid til å endre forskrifter og vedteker enn først antatt: <https://lovdata.no/dokument/OV/forskrift/2017-12-19-2175>

Ut frå dette må det avklarast om det er delprosjektet eller den nye kommuneorganisasjonen som skal stå for utarbeiding av nye vedteker og forskrifter.

-Synfaring på Teknisk lager til Skodje kommune i Lovollvegen. Kommunalt eigd område og bygg. Dei tilsette hadde spørsmål om korleis denne tenesta skal organiserast frå 2020. Dei signaliserte klart at det er viktig med den lokale kunnskapen, kjennskapen til anlegga og nærheita ift beredskap. Vidare vart det teke opp at allsidigheita i stillingane er noko av det som gjer det spanande og interessant å arbeide nettopp med dette.

Ut frå skissa som var lagt inn i førre referat er det signalisert frå Ørskog at den inneber for lange avstandar til lager, arbeidsstad osv., og at ein bør vurdere lokalisering i Skodje eller Ørskog i tillegg.

Dette må vere del av ei heilskapleg vurdering på kost/nytte, ressursar, beredskap ved hendingar, vaktordningar, lokalitetar m.m.



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

A9 ser at det er viktig at vi får med gode innspel frå dei tilsette, som kjenner sine arbeidsområder best. Sjølv om vi ikkje har svar på korleis dette skal bli frå 2020, er det viktig å halde kontakten for å informere om kva som skjer, og kva som ikkje skjer. Også viktig å informere om at dei tilsette sin medverknad er sikra gjennom tillitsvalde i arbeidsgruppene, og at desse må brukast aktivt for å kome med innspel.


Vi må ha fokus på at vi gjennom prosjektet skal skape eit nytt "felles vi".

Eitt viktig poeng som må takast særleg omsyn til i planlegging av organisering, er at dei tilsette innafor VA også for ein stor del er tilsett som deltids brannmannskap. Skal dette fungere i framtida, slik at dei som skal rykke ut ved ulykker og brann er i nærområdet dei høyrer til, må også dei faste arbeidsoppgåvene vere tilpassa til dette, slik at daglig aktivitet og arbeidsområde blir vurdert i samheng med organisering innafor brann- og redning.

Dette omhandlar også vaktordningar, der det er fleire ulike ordningar i dei 5 kommunane i dag.

ROS- ANALYSE

-Det er sett inn risikoar som er i hovudsak identifisert i tidlegare møter. Det er vanskeleg å utarbeide gode ROS-Analyser utan å kjenne akseptkriteria og korleis skalaen frå 0-5 skal tolkast. Ut frå vår vurdering kan risiko 0 innebere at det ikkje skjer innafor prosjektperioden, og 5 betyr at det skjer fleire gongar pr. år. Skal vi få gode ros-analyser bør vi vurdere kriteria, nedanfor er eitt døme vi kan bruke som utgangspunkt:



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

For å finne risikoen knytt til ulike hendinger må ein sjå på sannsynlegheita for at den uønska hendinga skjer, og konsekvensen av den. Risikoen vert då sett på som produktet av sannsynlegheita og konsekvensen av hendinga:

Risiko = Sannsynlegheit x Konsekvens

Sannsynlegheit:

Kor sannsynleg ei hending vil skje vil vere basert på frekvensen for kor ofte hendinga normalt sett kan oppstå. Vanlege begrep og definisjonar kan være:

	Begrep	Frekvens
1	Lite sannsynleg	Mindre enn ein gong kvart 50. år
2	Mindre sannsynleg	Mellom ein gong kvart 10. år og kvart 50. år
3	Sannsynleg	Mellom ein gong kvart år og ein gong kvart 10. år
4	Meget sannsynleg	Meir enn ein gong kvart år

Talverdien til venstre vert nytta inn i formelen for utrekning av risikoen. Dette er den mest vanlege måten å definere sannsynlegheit på i ei slik ROS-analyse.

Konsekvens:

Konsekvens må vurderast for alle dei ulike temaene som dei uønska hendingane kan utgjere fare for. Dette varierar meir frå kommunen til kommune, og det bør vurderast særskilt av kommunestyret om ein ynskjer endringar i dei verdiane som vert foreslått. Konsekvensane vert ofte delt inn i fem grupper, til dømes:

1	Ufarleg
2	Ein viss fare
3	Kritisk
4	Farleg
5	Katastrofalt

- Vidare arbeid:


Gruppa som arbeider med VA-Norm har eige møte 7.feb, og dei deltek på felles arbeidsmøte 13-14.feb.

A9 begynner med å utarbeide vårt kunnskapsgrunnlag (rapport) basert på det vi har kartlagt. Dette skal vere eit viktig beslutningsgrunnlag i prosjektet og må vere kvalitetssikra og korrekt. Ut frå tida på året kan det vere hensiktsmessig å avvente KOSTRA-tal frå 2017 for dei nøkkeltala vi treng derifrå. Kim sjekker ut med koordinator om malar med ny logo etc er klar til bruk, og opprettar dokumentet som ein felles mal i portalen der vi kan legge inn det som trengs frå kvar kommune. Vi kan sjå kva Molde og Asker har gjort:

<http://www.nyemolde.no/getfile.php/4001277.2521.jnius7bm7wqupw/Kartleggingsrapport+for+vann+og+avl%C3%B8p.pdf>

<https://www.asker.kommune.no/globalassets/nye-asker-kommune/dokumenter/utkast-grunnlagsdokument-for-administrativ-organisering.pdf> (side 74-88)

<https://www.asker.kommune.no/nye-asker-kommune/prosjekter-nye-asker/prosjekt-klima-miljo-og-tekniske-tjenester/>



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

I tillegg til det som allerede er kartlagt kan bemanningsplaner, kompetanseplanar etc. vere nyttig å nemne i vår rapport.

Vi må revidere framdriftsplan, då organisering og forskrifter må skyvast framover, og A9 bruker tida framover våren til å fullføre kunnskapsgrunnlaget og tek synfaringar på dei ulike anlegga i kommuane.

Vi har sett opp møter t.o.m. april, vi finn i neste møte dato for møte i mai, dette blir i Ålesund, på RA4. Vi bør også ta eitt møte til før ferien, midten av juni.

- Neste møte blir flytta til 15.2. på Harøya. Ferje frå Brattvåg kl. 8.55.

Då vert det synfaring på kommunelageret, høgdebassengprosjektet (med vérforbehold), arbeid med å fullføre ROS-analyse, justere prosjektplanen og arbeide vidare med kunnskapsgrunnlaget.

Harøy 19.1.2018

Kim A. Breivik

Ref.